



Klima- og miljødepartementet -
Kulturmiljølovutvalget

Dato: 01.02.2023

Vår ref: 23/00589-1

Dykkar ref:

Innspel til ny kulturmiljølov frå Biskopen i Bjørgvin

Vi er kjent med og gir vår tilslutning til dei innspela som er gitt frå høvesvis Kyrkjerådet og KA sitt Nettverk for kyrkjebyggforvaltning.

Kyrkjene våre er signalbygg i landskapet og er særleg med på å definere lokal identitet. Det tilseier at dei står i ei særstilling i vår nasjonale kulturarv. Dette gjeld dei aller fleste kyrkjene, uavhengig av alder og noverande vernestatus.

Vi har fire anbefalingar til utforming av ny kulturmiljølov:

- 1. Biskopen - som kyrkjeleg mynde i kyrkjebyggsaker bør involverast tidlegare enn no i vurderingsprosessar slik at ein saman med vernestyresmaktene kan vere premissleverandør i ein grunnleggande fase, og ikkje berre verte spurt/omsøkt seint i prosessane.*
- 2. Biskopen må også ha eit mynde (gjerne motsegnrett) i saker som gjeld kyrkja sine nære omgjevnader.*
- 3. Lista over freda og listeførte kyrkjer bør reviderast. I same prosessen bør ein vurdere å inkludere nyare kyrkjebygg.*
- 4. Forvaltning av kulturvern til kyrkjebygg må bli verande hos Riksantikvaren, ikkje desentraliserast til fylkeskommunane. Dette arbeidet er komplekst og krev høg og samansett kompetanse som Riksantikvaren har opparbeidd over år. Det er viktig å samla denne kompetansen i eit sterkt fagmiljø. Dette må likevel ikkje svekka det ansvaret fylkeskommunen har i dag som regional «vakt» mot planar og tiltak som set kyrkjebygga og kyrkjestadane i fare for innbygging og skjemmaende tiltak i omgivnadane.*

Med helsing

Gudmund Waaler
fungerande biskop

Ragna Sofie Grung Moe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bergen kirkelige fellesråd
Kirkerådet postmottak

Marken 34

5017 BERGEN

Mottakarar:

Klima- og miljødepartementet -
Kulturmiljølovutvalget